

## Til styremøte – innstillingsmøte – 21. mar. 22

### Forslag til auka medlemskontingent frå 2023, med årleg prisjustering vidare

Med bakgrunn i styre sin gjennomgang av økonomi til styret/hovudlaget på styremøte 14. mars har eg laga to forslag til prisjustering av medlemskontingent frå 2023, som vi ber årsmøte ta stilling til.

#### Bakgrunn for forslaget

er at medlemskontingenten ikkje har vorte prisjustert sidan 2013 og at hovudlaget no risikera å gå med underskot.

Vi har klart å utsette prisjustering i mange år fordi SIL har klart å

1. auke tal betalande medlemmer,
2. kutte kostnader og
3. auka inntekter på mva kompensasjon og grasrotmidlar

I 2022 kutta vi kostnadane med nye 38 tusen (møterom på Campus), men framover er det ikkje mykje meir å kutte og på inntektsida er det lite å hente i framover. Det einaste som no kan kuttast er honorar til styret. Inflasjon har vore høg i 2021, den vil bli enno større i 2022.

Slik inntektene og utgiftene er no så vil styret kunne klare å gå med kring 40-50 tusen i overskot i 2022, men det føreset at det ikkje blir sett av pengar til vedlikehald av SIL hytta. Heller ikkje til andre utviklingstiltak eller investeringar.

Framover er det fyljande fire punkt som det bør finnast inndekning til:

1. årleg prisvekst, som raskt vil gjera eit lite overskot til ei nullbudsjett og om 3-4 år går vi i underskot
2. utvikling av SIL hytta og området i Hodlekve
3. oppussing og ombygging av SIL hytta
4. utvida tilbod om basis-/grunntrening/fellestrening – auka leigeutgifter

I tillegg vil spørsmålet om tilsetjing av organisasjonssekretær gjera seg meir og meir gjeldande. Det blir stadig meir krevjande å drifte idrettslag i samsvar med aukande krav frå både offentlege myndigheiter, samarbeidspartar og frå Norges idrettsforbund (NIF). Ein større kommune og fylkeskommune krev også langt meir innsats frå idrettslaget mot både administrasjon og politisk nivå.

Styret har klart å auke SIL sine inntekter frå kommune og samarbeidspartane frå kr. 100 000 i 2012 til vel kr. 700 000 i 2021. Desse pengane går uavkorta til gruppene. I same periode har det vore gjort eit stor politisk arbeid for utbygging av meir innandørs areal. Vi trur at kampen for å oppretthalde inntektene og for å skaffe meir idrettsareal i åra som kjem blir minst like krevjande.

#### Summert, noko bør gjerast på inntektsida til hovudlaget

SIL kan enten velje å prisjustere medlemskontingenten eller at gruppene avstår eit mindre bidra til hovudlaget for kvart medlem i si gruppe.

Vidare kan desse alternativa justerast årleg i samsvar med prisvekst eller med større hopp kvart 3-4 år.

SIL styret rår årsmøte til å gå for ei årleg prisjustering frå og med 2023. Dvs. å ta små prisjusteringar årleg i staden for å ta større hopp kvart 3-4 år. Vi ber årsmøte om å ta stilling til og vedta ein av to modellar:

#### 1) Medlemskontingent modellen

Årleg prisjustering frå og med 2023, med ny kontingent for born til og med 20 år på kr. 215 og vaksne på kr. 320.

Ny justering i 2024 til kr. 235 for born til og med 20 år og til kr. 350 for vaksne.

Forslaget vil gi ca. kr. 20 000 i auka inntekter til hovudlaget i 2023 og ca. kr. 40 000 frå og med 2024.

#### 2) Gruppebidrag modellen

Gruppebidrag blir rekna ut i frå tal medlemmar i gruppene og med tilsvarande beløp som i alternativ 1.

Dvs. 20 000 i auka inntekter til hovudlaget i 2023 og kr. 40 000 frå og med 2024.

Gruppebidrag finansierast gjennom sponsormidlane.

#### Styret rår årsmøte til

å gå for gruppebidragsmodellen. Dette for å halde inngangsbilletten til å bli medlem og støttemedlem så låg som mogeleg.

Betalande medlemmer gir i tillegg til medlemskontingent til hovudlaget også bidrag til gruppene i form av lokale aktivitetsmidlar (LAM). Gruppene flest har solid økonomi og kan hente inn att gruppebidraga ved å leggje på treningsavgifta ved behov.